



Rambøll Norge AS
Alma Oftedal
Postboks 427 Skøyen
0213 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3793 - 18/2484

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
25.01.2018

Svar på søknad om bruksendring - gbnr 108/249 Lindås

Lindås kommune viser til søknad om bruksendring frå omsorgsbustad med dagbemanning til omsorgsbustad med døgnbemanning for delar av bygningsmassen på gbnr 108/249, mottatt 27.12.2017.

Det er i søknaden gjort greie for at det ikkje skal gjerast fasadeendringar, brannsikringstiltak eller andre tiltak i bygget som følgje av bruksendringa.

Lindås kommune gav i møte i Plan- og miljøutvalet 02.06.2004, utvalssak nr 077/04, rammeløyve for oppføring av 9 stk omsorgsbustadar på gbnr 108/249-252. Bygget er godkjend med fellesareal og personalrom. Det vart i samband med søknaden opplyst at det vil vera personale på dag og eventuelt på natt.

Slik kommunen vurderer det er bygget godkjend for døgnbemanning. Med bakgrunn i dette, det forhold at bygget framleis skal nyttast til omsorgsbustadar og at det ikkje skal utførast bygningsmessige tiltak eller tiltak på tekniske installasjonar, er kommunen si vurdering at det ikkje skal utførast søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova. Søknaden vert arkivert utan handsaming.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:



Kopi til:

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ

Mottakrar:

Rambøll Norge AS

Postboks 427 Skøyen 0213

OSLO